

F-1



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Følgjebrev for søknad om tiltak på Gnr: 425 Bnr: 81

Tiltaket omfattar oppføring av ny garasje samt planering/terrengtilpassing av område rundt. Eigedomen har i dag ikkje snuareal på eige areal, såleis vert dette ein stor oppgradering av eigedomen og trafikktryggleiken.

Tiltaket omfattar og mindre tiltak på naboeigedom, dersom dette er ok for dykk som eigar.

Det er ikkje søkt om, eller diskutert dette med dykk, men det vart diskutert med Radøy før samanslåinga, der ein var einig i att dette var ein vinn-vinn situasjon.

Her vert det ein del Stein til overs ved terrengeinngrep, som tiltakshavar då slepp å kjøre vekk.

Snuplassen drar nytta av å bli litt utvida og fint avslutta ned mot eigedom 425/81.

Vonar det og er ok for dykkar del.

Valgte å ikkje sende inn førespurnad om dette først, sidan det var enklare å forklare tiltaket via søknad.

Tiltaket er heller ikkje avhengig av å nytte arealet ved snuplass, det er som sagt berre ein fordel for begge partar.

Det vert og ein finare avsluttning med skråareal mot parkeringsplass enn ei skjæring.

Dersom de krev signatur på eige skjema for søknad om tiltak på andre sin eigedom, ordnar eg dette med rett avdeling, men treng i desse samanslåingstider å bli peika i rett retning.

Når det gjeld planlagt skjæring, vil denne følge allereie eksisterande skjæring ved snuplass.

Så sjølv om det ser voldsomt ut på teikninga, er det naturleg i forhold til eksisterande terren.

Sjå vedlagte bilete av eksisterande snuplass, skjæring og terren (vedlegg F-2)

Mønehøgda vert 4,6m frå topp grunnmur.

Gesimshøgda vert: 2,53m frå topp grunnmur.

I blankett 5175 har eg kryssa nei på; «kan vann og avløpssledninger være i konflikt med tiltaket?» Til informasjon går det vassleidning i nærleiken men denne vert tatt omsyn til og er ikkje i konflikt.

Når det gjeld nabovarsel er alle tilgrensande naboar varsla, i tillegg er naboar på gbnr: 425/108 og 126 varsla ifbm. eventuell planering av snuplass.

Andre naboar vert etter mi meining ikkje berørt av tiltaket.

Det var ingen merknadar til nabovarsel.

Men merk att nabovarsel til dykk (Alver) vart sendt den 10.03, så de har fram til 24.03 med å kommentere varselet.

Eg valgte likevel å sende inn saka, sidan alt var klart, men er merksam på att sakshandsaming ikkje startar før etter denne datoен.

Sandane 18.03.2020


Ansvarleg søker: Marius Tenden

F-2

Bilete av eksisterande snuplass mm. Gbnr: 425/81 og 76



Skjæring ved eksisterande snuplass, sett mot nord.



Terreng ved planlagt tiltak, sett mot aust og mot eksisterande snuplass.

F-3



HAMMAR
KAMERATANE AS



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989 Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Fullmakt

Me gjer med dette Marius Tenden som ansvarleg søker for byggjesak på Gnr 425 Bnr 81, fullmakt til å signere på våre vegne i denne saka.

Tiltakshavarar:

Erlend Rikstad

Erlend Rikstad

Baügen 17.03.20

Stad/Dato

Karoline Henriksen Geitle

Baügen 17.03.20

Stad/Dato